

**NVE**

**Norges vassdrags- og energidirektorat**

Inger Johanne Yttri

Beimssvingen 1

6868 Hafslø

Dato:31.03.2023

**Høyringsfråsegn til konsessjonssøknad Statnett, Fortun nye trafo, saksnr. 202116028**

Som eigar av 8/6 og etterkommar av 8/12 har eg følgjande krav/råd i samband med realisering av ny trafo med tilhøyrande deponi, vegar og anna infrastruktur:

**Eg meiner Statnett /Linja må vurdere og utgreie ny plassering av framtidig trafo og linjer med mindre konfliktar:** Alternativet i Hagane (sør for Fortun bensinstasjon) ser ut til å vera det beste.

Så over til det omsøkte:

**Føreslegne deponi på Yttri må utgå , og det må arbeidast for gjennbruk av alle massar.**

**Naturbeitemark og andre naturtypar med høg verdi knytt til biologisk mangfold på Yttri kan ikkje nyttast som erstatningsareal for matjord.** Massar er ein ressurs, og det er gamledags å deponera. Eg kan ikkje sjå at Statnett har vurdert massane på denne måten. Kjenner berre til masseestimat for massar til deponi etc. Eg meiner alle so langt føreslegne deponi er uaktuelle på grunn av konfliktar med andre interesser, dette gjeld hovuddeponiet D2 og Jamnarholet, samt også dei fleste andre erstatningsareal for matjord som er inntekna på skissekart og omtala så langt. Det kan henda at det finnест områder i randsoner etc og mindre areal, som kan nyttast, men tillbakeføring av matjordlaga på gammal naturbeitemark og andre trua naturtypar/ areal med funn av raudlisteartar, kan ikkje forsvarast, og vil vere miljøtap i stort format. Også attfylling av Jamnarholet representerer naturtap koss inntil reservatet og er ei lite gjennomtenkt måte å håndtera overskotsmasse på.

**Erstating av matjord må skje i eit større perspektiv og ikkje gå utover naturresursgrunnlaget, (beiteland, hagemark, styvingstre, raudlisteartar, amfibielokalitetar, viktige historisk geologiske landskapsformer etc)**

Andre areal eigmeld av same eigar som 8/3, må difor vurderast. Dette er 9/5, Nyløy, der matjord kan tilbakeførast i randsoner. Dette er ein av mange eigedommar ned i dalbotnen, der det er forhold for slikt pga elvesenkninga som har funne stad. Det vil medføre meir praktisk, flat heimejord. Generelt er det mest realistisk at nye tun blir bygd i tilknytning til der det er mest heimejord. Eg finn det underleg at dette ikkje er nevnt i referat frå møter Statnett har hatt med Luster kommune, all den tid jordvern har vore hovudtema.

**Yttrisvegen er bratt, og køying med store og tunge maskiner vil utløysa stort behov for utviding og omlegging, noko som eg er motstandar av.** Grunnen er at det vil medføre relativt store inngrep i eit frå før relativt uberoert landskap og at det vil utløysa større behov for deponi og uforholdsmessig store inngrep. Alt dette gjer at ulempene blir større enn fordelane. Ikkje minst er vi uroa for tryggleiken til hus, gard og grunn på 8/2, men også andre tilhøve som den livsviktige, til dømes

Yttrisgroi. Den gir væte og er klimastabiliseringende på sommarstid. Det er også stor sansynlegheit for at deponi vil medføre at Kalvadalsgroi blir lagt i røyr, noko som vil gje eit dårlagare klima i turkeperiodar. Når eg har henvendt meg til Statnett for å høyra nærmere korleis transporten er tenkt løyst, er svaret at sjølve ikkje veit. Då verkar det lite gjennomtenkt, er vanskeleg å forhalde seg til, og vanskeleg å kommentere i høyringa. Det er utvilsomt at inngrep og følger blir dramatisk større enn det som framgår av søknaden. Det var også pussig å vere på synfaring der dette i all stillheit vart forbigått.

Gnr 8, bnr 6, Kråi, er ein opprinnelige husmannsplass. Dette var i tidlegare tider ein husmannsplass under 8/3, Gjellåkeren, og vart sjølveigande sokalla tomtebruk i 1957. Eg kjøpte staden for 30 år sia, og det heile er ganske intakt slik det stod då det vart fråflytta i 1973. Eg har vore i kontakt med kommunen, og vi har ein dialog på å få dokumentert verneverdien. Då kjem kulturavdelinga i fylkeskommunen inn i biletet, og eg skal legge fram eit prosjekt på tiltak for å bevare det opprinnelige, med restaurering av tak og pipe i fyrste omgang. Eigdommen ligg i tilknytning til Yttrisgroi, og er på tre dekar med til dels overflatedyrka jord, store steinar og små åkerlappar innimellom.

Kloss inntil dette, ligg også restar av saga som tilhører 8/3. Det må nemnast at heile Yttrisgroi var godt utbygd og brukt som vannveg, og her er det kulturspor. Myrområdet som ligg inne i det registrerte området «Marka sør», ein opprinnelig dam brukt til vannbruk, minst to sager, slipesteinar og kverner nedover Yttrisgropa. Så den er også kulturpåverka, med demning, og herfrå gjekk det trerenne til saga til 8/3. Denne dammen, Sagadammen, er i dag i ferd med å bli oppfylt av masse frå grøvene, og er i dag ein biotop for amfibier, fugl og fisk samt planter. Eg berre nemner dette, sia det i dykkar kart er markert ei rekke alternative stadar for matjord, alle på stadar med funn av raudlisteartar, og verneverdige kulturmaskstypar og Sagadammen er ein del av dette.

På grunn av dei rike funna knytt til biologisk mangfold, blir det å erstatte matjord i stor skala her på Yttri, som å gje med den eine handa og ta med den andre. På grunn av store inngrep, vil nytten vera mindre enn negative følgjer. Vi snakkar her om at alle brukar sitt naturressursgrunnlag då vert ytterlegare svekt, særleg for oss som har tenkt å drive med regenerativt landbruk i framtida.

Eg er oppvachsen på 8/12, den tomta vart på sekstalet frådelte frå 8/3, og ønsket om å leve i nær tilknytning til røter og natur, var nok eit avgjerande moment for å bygge eit bustadhús her. Far min kom frå 8/2, var spesielt oppteken av hagebruk og biodynamisk dyrking, utdanna på Vea hagebruksskole i 52, og som pensjonist var han involvert i hagebruket på 8/2, som ligg kloss inntil det omsøkte hovuddeponiet. Den gode jorda her, under MG, den høge pH-en i vatnet som renn gjennom fyllitt, og fyllitholdig grunn og den gode innstrålinga, er bakgrunn for gode vilkår for å produsere mat, og det har vore gjort, ikkje minst under andre verdskrig. Gardane her, med svært lite heimejord, men store utmarksresursar og randsoner, vil i framtida ha stort potensiale for regenerativt landbruk og carbonbinding. Sjølv har eg vidareført hagebruket, har etterkommara, 5 stk, og eg vil forsvere retten til at mi slekt og andre skal drive berekraftig landbruk i denne grenda, i allfall dei nærmaste hundre åra. Ei sentralt moment her er kunnskap og evne til å ta vare på naturressursgrunnlaget. Det blir i den samanheng feil å sjå på denne formen for nedbygging som nærmast betydningslaus, slik Statnett framstiller det i sin søknad. Eg er svært kritisk til måten Statnett har fordekt dei faktiske forholda rundt naturressursgrunnlaget på i sin søknad. Spørsmålet er kor høgt skal eit område/lokalitet skåre på MD sitt klassifikasjonsskjema for skjeldne naturtypar som skal takast vare på før Statnett benevner det som «kvardagsnatur», etc, ? (det neste steget, som er høgast er «forvaltningsmessig verneverdi») Eg viser her til Statnett sine eigne utredningar, gjort av Miljøfaglig utredning, Notat 2021-N43:Naturmangfold i mulige massedeponi og Notat 2021-N10, Vurdering av nærliggende kløft.

Det siste er eit «fenomen», eit «forbudt» område frå min barndom, omgitt med mystikk.

### Jordbruk på Yttri

Storparten av tilgjengeleg jord på Yttri vert i dag drive svært godt av paktarar med sauehold. Dette er bra, då jorda blir halden i hevd og brutk på ein fornuftig måte med relativt lite innsatsfaktorar som kunstgjødsel, sprøyting og ueheldig oppdyrkning i gamle overflatedyrka og tidlegare intensivt utnytta areal. Men det blir feil å hevde at desse areala, t. d Marki sør og Yttri Beitemark , er mindre verdt pga låg tilstand i dag, då dette vil endra seg ved endra driftsopplegg i framtida. Det er i praksis slik at heimejorda frå fleire bruk må drivast saman for at landbruket kan oppretthalde drift , då gardane frå gammalt er samansett av store utmarksresursar og lite fulldyrka jord. Beitelandskapet, som no er i gjenngroing, er eit viktig element, og i det grøne skiftet vil desse områda ha sin verdi. Statnett si tolking av eigne utredningar er tekne ut frå samanhengen og er villedande. Som Geir Gaarder, beslutningsgrunnlaget er godt, men bestillinga uklar. Eg viser spesielt til side 27 i Notatet.

Elva ned i dalbotnen er senka, og kunnskapen rundt gjenbruk av massar, både stein grus, morene , matjordlag og topplag er stor. Då må utbyggar sørge for å bruke NLR og Nibio , ikkje berre når det gjeld tilbakeføring av matjord, men også for fornuftig og berekraftig massehandtering, lagring og gjennbruk.

Eg sluttar med til Dag Yttri og Jorunn Yttri sine fråsegn, og støttar også Kåre Hammerborg sin uttale i saka. Vidare er eg samd med Luster kommune i at det må arbeidast med gode løysingar, og tenkjer spesielt på at det må ryddast opp att etter anleggstida, då på ein slik måte at det blir lagt til rette for ferdsel for gåande og syklande, samt tur- og skiløyper. Slik det er i dag, framstår dette stykkevis og delt, og det må sjåast meir samanhengande på dette, heilt frå Skjolden til innerst i Fortunsdalen.

Eg ser fram til at staten arbeider vidare med å finne gode løysingar for dei enorme energimengdene vi har i vårt distrikt, og at det vert tenkt på at vi går inn i det grøne skiftet. Dermed må gammalt tankegods forkastast.

Med helsing Inger Johanne Yttri